


Gamlosttinget 2013

7. juni 2014



Årsmøtesaker:

1. Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet
Godkjenning av møteinnkallinga
2. Årsmelding for 2013
3. Rekneskap 2013
4. Saker framlagt for årsmøtet
5. Styrets forslag til budsjett for 2014
6. Val av styre og valnemnd



John Moberg skipa i 1983 Norsk Gamalostlag. Han gjorde stor innsats for at Gamalosten skulle koma på bordet alle stader der maten vart teken på alvor. Då Moberg gjekk bort, gjekk Gamalostlaget i kvilemodus. I april 2013 var det "oppstode" att for Gamalostlaget på Meieribaren i Vik med 43 deltakarar til stades. Kveldens store positive sjokk var at direktøren i Ostecompagniet, Rune Jenssen klaska 50.000 kr på bordet til Norsk Gamalostlag. Hurra!

Fylgjande personar vart valde til det nye styret: Henning Rivedal, Eva Skeie, Ragnar Hove, Odd Rune Turvoll, Per Henning Liljedahl og Jens Brekke. Skrivar er Helge Sæbø. Me har hatt 2 styremøte og fleire "arbeidssamkomer" Me er innmelde i Brønnøysundregisteret med org nr: 912 212 505. Autorisert rekneskapsfører er Vik Kontorteneste. Art/bransje: "Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet og arbeida for å ta vare på kulturen og historia rundt osten. Leiar er Jens Brekke."

Profilering av Gamalosten og Gamalostlaget:

Sidan Gamalosten er omtala i Njålssoga (vel 1000 år gamal) gjev me Gamalostlaget eit preg av den tidi. Hovdingen vart utstyrd med Vikingkappe med påbroderte drakemotiv, tilsvarande dei som er på ostefolien (innpakningi) Me ynskte å få til flotte og stilige skinnbrev til medlemmane våre. Odd Rune forma dei ut. Sogneprodukt laga stansekniv, og Aurlandskoen stansa dei ut. Barsnes Tre og Metall i Sogndal gjer graveringsarbeidet. Dei fyrste skinnbrevi er alt klare til framsyning på "Gamalosttinget" (Årsmøtet 2014). No startar me verving av "Skinnbrevmedlemar". Dei gamle medlemmane er sjølvsgagt framleis medl. i Norsk Gamalostlag, men dei kan no i tillegg bli "Skinnbrevmedlem" for kr 300 i eingongsbetaling. Deretter er du med til du vert hauglagd.

Vik Fengsel har gjort ein aldeles fenomenal jobb med å byggja eit "Høgalter" for Gamalosten. Dei har utforma og laga skisser for byggverket, inspirert av Hopperstad Stavkyrkje. Materialane er alm frå gamle Prestegardsalleen, levert av Edvin Skjerven. Pynt og ornamentikk er laga av svartor frå Djuvik, levert av Olav Thune. Taket er feit furu frå Hovlandsmarki, alt kortreist vyrkje. Me skulle svært gjerne fortalt kven som har snikra, spekulert, skore ut, limt i hop og dreia dette stasbygget. Ærast den som ærast bør. Det har me diverre ikkje høve til. Men vedkomande har fått velfortent takk og klapp og skryt under heile prosessen.

Inni høgalteret ligg "Fyrste Ostebok" ei gjestebok, spesialinnbunden til føremålet av bokbindar Øyvind Pedersen i Fana. (Han hadde nett bunde inn ein Regjeringsprotokoll, men skjønna fort at denne måtte vera endå flottare, sidan han er gamalostetar) For dei som vil oppsøkja Gamalosten sitt "Mekka" (Ostebaren til Vik Meieri) kan dei skriva ei helsing i boki, kvifor dei er komne hit, og kva Gamalosten betyr for dei. (Me er litt redde for at "lausungar" med fargeblyant kan rabla ut ostaboki på eit blunk. Hjelp oss å passa på "Heilagdomen".)

Profilering av Gamalosten og Gamalostlaget i lag med Tine:

Gamalostfestivalen 2013, under opningsseremonien av Visit Sognefjord i Flåm,



under internasjonale ostedagar i Cambremer, Normandie, (med fyldig reportasje i Bondebladet, S/SA og utanlandske aviser)



TV2 med Arne Hjeltnes på Sogndal flyplass (Fly med oss)

under fagseminar for kokkar for "Historiske Hotell" i Bergen.

Elles har Sogn Avis, NRK Sogn og Fj, NRK P1+ og fleire nasjonale aviser hatt opp/innslag om Gamalosten og Gamalostlaget

Gamalostlaget har kjøpt restlageret (500 stk) av Gamalostboki til Henning Rivedal. Alle deltakarar på årets Gamalostting får kvar si.

Ny æresmedlem: Arne Hjeltnes under fjernsynssendingi til TV2 på Haukåsen 19. mai 2014

Jens Brekke

Hovding i Norsk Gamalostlag